



VENSTRE

Bent Nakken Kjerstad

Erling Taftesund



VENSTRE

VENSTRE

Stine Mari Liaset



VENSTRE

Are Folkestad



VENSTRE

Sjå framover
med Venstre.

Ørsta Venstre 2023-2027

Venstre vil ta vare på naturmangfaldet

Venstre vil at vi skal verne om naturen. Det betyr ikkje at vi skal stanse utviklinga av kommunen eller næringslivet, men vi må sørge for at utvikling og verdiskaping ikkje går på bekostning av naturen.

Kampen for å kutte klimagassutslepp er like viktig lokalt som nasjonalt. Det er summen av små og store



grøne handlingar og tiltak som vil gjere Noreg klimanøytralt.

Ørsta Venstre vil

- etablere nasjonalpark i Sunnmørsalpane i Ørsta kommune.
- at ny nærings- og bustadutvikling helst skal skje ved fortetting av allereie utbygde område.
- ha fokus på arealrekneskap med eit mål om at kommunen skal bli arealnøytral.
- styrke fokus på klimabudsjet og -rekneskap.

Venstre vil prioritere skule og opplæring

Utdanning er nøkkelen til ei betre framtid. Derfor er utdanning alltid ein prioritet for Venstre. Det er gjennom utdanning at vi jamnar ut sosiale forskjellar og gir alle like moglegheiter i livet. Elevar har ulike føresetnader, interesser og behov.

Venstre sitt mål er å skape ein skule som ser alle elevar, og som evnar å tilby meistring og læringsglede for alle.

Ørsta Venstre vil

- arbeide for at den nye sentrums-skulen skal vere ei sjølvstendig

eining med eigen rektor og administrasjon.

- arbeide for å realisere nytt basseng i Ørsta snarast.
- etablere turnhall i den gamle Ørsta-hallen.
- etablere eit samarbeid med Ørsta sirkelhage.



Eit levande lokalsamfunn

For å oppretthalde eit godt lokalmiljø, er det viktig at flest mogleg kan bidra og inkluderast i arbeidslivet. Folk skal kunne bu og arbeide der dei ønsker, også på bygdene.

Gode lokalsamfunn har òg eit mangfald av aktivitetar, slik at alle finn noko dei kan trivast med. Venstre meiner det er viktig at kulturen, idretten og frivilligheita får fridom til å utfalde seg.



Ørsta Venstre vil

- sikre god dialog med idrettslag og frivilligheita
- styrke tilbodet for born og unge, t.d. med ungdomsarbeidar som er tilgjengeleg utanom ordinær arbeidstid.
- sikre eit godt innhald i det nye kulturhuset, inkludert seremonirom for dei som ikkje høyrer til i kyrkja.
- legge til rette for leiligheter for eldre i sentrumsområda
- støtte lokalt næringsliv og hjelpe fram dei som vil starte nye bedrifter og skape nye arbeidsplassar.

Omsorg og rett hjelp til alle som treng det

Eit trygt og nært helsetilbod av høg kvalitet er viktig for at alle skal ha fridom og høve til å delta i samfunnet. For at alle skal kunne leve eit godt og sjølvstendig liv lenger, må samfunnet førebyggje meir og reparere mindre innanfor både psykisk og fysisk helse.

Ørsta Venstre vil

- sikre at kommunen har ein ungdomskontakt og eit godt lågterskeltilbod for ungdom som har psykiske plager.
- ha eit mangfold av buformer, slik at



ein kan få ein bustad som er tilpassa etter kor godt ein klarer seg sjølv.

- satse på heimerehabilitering slik at eldre raskast mogleg kan komme tilbake i vanleg form etter sjukdom og skade.
- stimulere til at fleire eldre tek ansvar for sin eigen busituasjon, og legge til rette for nye typar bustadar med meir fellesskap.

Ørsta Venstre 2023-2027

1. Are Folkestad
2. Stine Mari Liaset
3. Bent Nakken Kjerstad
4. Erling Taftesund
5. Anne Ellingsen
6. Kyrre Grimstad
7. Gunnar Knutsen
8. Lone Ellingvåg Knutsen
9. Bjarte Roth
10. Elise Roth
11. Arnfinn Bjarte Sætre
12. Hadid Tavaen
13. Rolf Vatn
14. Robert Prestegarden Vatne
15. Inger Åkre



Are Folkestad er Ørsta Venstre sin ordførarkandidat. Han er 47 år, trebarnsfar og bur på Vallabøen. Han har bakgrunn som forskar innanfor havmiljø og jobbar no hos Kongsberg Maritime med fokus på berekraft og utvikling av digitale tenester.

Møre og Romsdal Venstre 2023-2027

1. Pål Farstad, Kristiansund
2. Lena Landsverk Sande, Vanylven
3. Frank Stenløs, Molde
4. Kari Grindvik, Ålesund
5. Annika Brandal, Hareid
8. Are Folkestad, Ørsta
16. Gunnar Knutsen, Ørsta
40. Stine Mari Liaset, Ørsta



@orstavenstre



orstavenstre

Vipps: #811811

www.venstre.no/orsta

